

Referat frå møte i samarbeidsutvalet eining barnehage 10.04.2024

Møtestad og tid: Teams møte kl 1930

Referent: Caroline Rysstad

Deltakarar: Monica Wathne, Laila Kjær, Sigrid Stensbøl, Lill Kristin Kili, Trine Tharaldsen, Magnhild Mosdøl (vara)

Meldt fråfall: Helga Frøystein

Saksliste:

Godkjenning av innkalling og referat frå møte 08.11.23

Sak 4/23-24 Kurs- og fagdagar barnehageåret 2024-2025

Bakgrunn for saka: Barnehagane har tariff festa 5 kurs- og fagdagar i løpet av eit barnehageår. Forslag til dagar i barnehageåret 2024-2025 er: 12., 13. og 14. august 2024, 2. januar 2025 og 2. mai 2025.

Sak 5/23-24 Orientering foreldreundersøkinga 2023

Bakgrunn for saka: Barnehagane i Bykle kommune har dei siste åra vore med på den nasjonale foreldreundersøkinga i regi av UDIR. (utdanningsdirektoratet) Resultata leggast fram på samarbeidsutvalsmøtet.

Sak 6/23-24 Vedtekter for samarbeidsutvalet

Bakgrunn for saka: Vedtekter hjelper til med å organisere arbeidet i samarbeidsutvalet (SU) Forslag til vedtekter ligger ved innkallinga.

Sak 7/23-24 Orientering om foreldremøte i mai

Bakgrunn for saka: Skulane og barnehagane i kommunen er med på læringsmiljøprosjektet i regi av UDIR i samarbeid med Universitetet i Stavanger, der involvering av føresette er avgjerande for å lykkes i arbeidet med eit trygt og godt barnehagemiljø. Samarbeidsutvalet i barnehagane hadde eit ønskje på sist møte om eit felles foreldremøte.

Referat

Godkjenning av innkalling og referat frå møte 08.11.23

Vedtak: Ingen merknadar til innkalling eller referat.

Sak 4/23-24 Kurs- og fagdagar barnehageåret 2024-2025

Vedtak: Kurs- og fagdagar barnehageåret 2024-2025 er: 12., 13. og 14. august 2024, 2. januar 2025 og 2. mai 2025.

Sak 5/23-24 Orientering foreldreundersøkinga 2023

Vedtak: Resultata tatt til orientering

Sak 6/23-24 Vedtekter for samarbeidsutvalet

Vedtak: Samarbeidsutvalet vedtek vedtektene

Sak 7/23-24 Orientering om foreldremøte i mai

Vedtak: Tatt til orientering. Bør endre dag da det den oppsette dagen 22. mai er folkemøte.

Innspel: Foreldre i Fjellgardane barnehage sakna informasjon ved hendinga då nokre barn stakk av. Kva for rutinar har barnehagen på dette og korleis kunne det skje.

Pedagogisk leiar til dei barna som stakk snakka med dei føresette og det ble satt inn straks tiltak, barnehagen lånte gjerder frå sportsklubben som ble satt opp for å markere grense. I tillegg blei det sendt ut melding i visma appen om kva som hadde skjedd og at barnehagen hadde satt inn tiltak, i tillegg til at om nokon hadde spørsmål måtte dei ta kontakt.

Barnehagen har rutine på å telje barna når ein er ute og sjølvst på tur. Barnehagen har etter hendinga sett på rutinar ved mykje snø/skaresnø. Og det er sendt inn avvik på hendinga.

Barnehagen tek tilbakemeldinga og skal bli betre på informasjonsflyt.